



Elin(i midten) har god hjelp av Elisabeth frå Samnanger(t.v.) og dottera Anine.

**Denne påska har Elins Matgleder påskekafe i 2.etasje i bakehuset. På førehand var ho naturleg nok spent på mottakinga, men kan alt no slå fast at det har blitt godt motteke. Tilbakemeldingane har vore mange og gode, og fram møte har vore bra både av gjester i kaféen og kundar i butikken.**

- Det er veldig kjekt når folk set slik pris på tiltaket. I går var det enormt med besøk både i butikken og kaféen i ruskeveret. Langt meir enn eg kunne forventa. I dag har det vore litt rolegare, men bra. Gjestene er veldig positive og syns dette er kjekt, seier Elin Enes entusiastisk som vanleg.

I går gjekk det i smørbrød, kaker og bollar i kaféen medan dei i dag også hadde tacosuppe. Då eg var innom butikken i halvfiretida, ein halv time før stenging, var det framleis kundar der, og Elin kunne fortelja at dei venta på ein familie på 4 som skulle ha suppe i kaféen.

Onsdag byr dei på pizzabuffe i kaféen, og det burde verkeleg frista. Den er klar frå kl.12, og då kan ein forsyna seg sjølv og eta til ein er mett.

Det er travle dagar på Elin. Det er å stå opp i tre-tida, men så er ho heldig som har god hjelp av to unge jenter. Det er dottera Anine Enes og Elisabeth Skjoldal frå Samnanger. Sistnemnde sin familie har fast ferieplass på Øyro Camping. For Elin er ikkje arbeidsdagen ferdig når dei stengjer kl.16.

- Då skal eg til Halsnøy med suppe, avsluttar ho. Det verkar som det er når det er på det travlaste, ho trivest best.

Onsdag har Elins Matgleder ope frå 10 til 15, og påskeaftan er det ope frå kl.10 til 14.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland